

Høringsssvar til Forslag til endringer i byggteknisk forskrift §§ 7-3 og 7-4 - Krav til sikkerhet mot skred og flodbølge som følge av fjellskred

Høringsfråsegn til forslag om endringar i byggteknisk forskrift TEK17 §§ 7- 3 og 7-4

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er nøgd med at det er satt i gang eit arbeid for å vurdere krava TEK17 stiller til tryggleik mot skred og sekundærverknadar av skred. I Møre og Romsdal har TEK17 § 7-4 vore viktig for kommunane og lokalsamfunna langs Storfjorden. Samtidig er vi medvitne om at auka utbygging i kjende fareområde gjev ein auka samfunnsmessig risiko. Dette gjer at det framleis er behov for ein gjennomtenkt arealbruk og medviten utbygging i flodbølgjeutsette område. Det er viktig at vi har eit godt regelverk som legg til rette for dette.

Behov for ei grense for akseptabel skredrisiko med påfølgjande flodbølge

Når regelverket opnar for å fråvike akseptabel skredrisiko i område med flodbølge som skuldast fjellskred bør forskrifta ha ein absolutt grenseverdi for akseptabel skredrisiko, sjølv for overvaka fjellparti. Dersom ein avdekker eit fjellparti med skredrisiko og påfølgjande flodbølge over t.d. 1/100, 1/50, eller 1/10, bør det då framleis vere opning for å planlegge utbygging i området etter TEK17 § 7- 4 basert på overvaking? Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ynskjer eit regelverk som set ei grense for akseptabel skredrisiko ved planlegging etter TEK17 § 7-4. Det bør ikkje vere opp til den enkelte kommune å gjere denne vurderinga.

Periodisk overvaka fjellparti

Dersom faglege mynde og nasjonale mynde meiner at periodisk overvaka fjellparti sikrar persontryggleiken tilsvarande som fjellparti under kontinuerleg overvaking ser vi ikkje grunnlag for at TEK17 § 7-4 ikkje kan nyttast i desse områda. Vi har derfor ikkje vesentlege merknadar til at TEK17 § 7-4 utvidast til å omfatte fjellparti under periodisk overvaking.

Potensielt meir planlegging etter unntaksvilkåret i TEK17 § 7-4

Det er fleire fjellparti i Noreg under periodisk overvaking enn fjellparti som er kontinuerleg overvaka. Avhengig av eventuelle framtidige endringar i TEK17 § 7-4 som er under utgreiing, kan dette føre til vesentleg auke i krevjande sakshandsaming etter TEK17 § 7-4. Inkludert kommunar som tidlegare ikkje har nytta TEK17 § 7-4. Det vert naudsynt med god rettleiingsmaterieil til regelverket.

Vi vil spesielt løfte fram behov får klårare rettleiing til bokstav a) og c). Eventuelt at desse vert omfatta av revideringa slik at vilkåra vert meir eintydige. Til dømes ser vi at departementet i høyringsnotatet har vist til at turistnæringa er avhengig av å plassere hotell og anna infrastruktur på attraktive plassar. I rettleiaren til TEK17 § 7- 4 c) står det at det ikkje er fritt fram å nytte område i oppskyllingsområde sjølv om desse gjev inntrykk av å vere meir attraktive.

Konsekvensar av meir utbygging i kjende fareområde

Ein føresetnad for planlegging etter TEK17 § 7-4 er at liv og helse ikkje går tapt. Dette stiller ikkje berre høge krav til overvakingssystemet, men òg til beredskapsaktørane og beredskapsplanverka i dei flodbølgjeutsette områda. Meir utbygging i fareområde får konsekvensar for fleire enn kommunen som kan planlegge etter TEK17 § 7-4, og som avgjer arealbruken i fareområdet.

Det kjem lite fram av høyringsnotatet kva konsekvensar meir utbygging i fareområde får for beredskapsaktørar. Beredskapsplanar må lagast, samordnast, oppdaterast, vedlikehaldast, øvast, evaluerast, og på eit (eller fleire) tidspunkt; gjennomførast. Dette er eit kontinuerleg arbeid som krev tid og ressursar frå mange beredskapsaktørar. Desto fleire bygg, verksemdar, institusjonar, infrastruktur og liknande som ligg i fareområdet, desto meir kompleks og krevjande blir beredskapsarbeidet for å sikre liv og helse i forkant av eit fjellskred. På eitt eller anna tidspunkt vil fjellskred gå. I forslaget til regelverksendringa er det ikkje teke omsyn til auka kostnadar og ressursbruk for beredskapsaktørar ved å tillate meir utbygging i fareområde som krev gode beredskapsplanar for å sikre liv og helse.

I åra 2014-2019 var det fare for fjellskred frå Veslemannen. Over seks år vart fareområdet evakuert 16 gongar på til saman 83 dagar. Åtte beredskapsaktørar var involvert i handteringa. I 2018 gjorde vi eit forsøk på å stipulere

beredskapsaktørane sine kostnader ved evakueringane det året. Rundt rekna kom kostandane på nesten fire millionar i 2018 (dette er ikkje inkludert kostnader for innbyggjarane som måtte evakuere, eller dåverande NSB og Green Cargo sine kostnader med stenging av Raumabanen). Dei største kostandane hadde NVE og Sivilforsvaret. Veslemannen var eit lite fjellskred med lite omfang og få bygg i evakueringsområdet, men skredet var likevel krevjande å handtere og kravde mykje tid og ressursar frå beredskapsaktørane. Det var òg krevjande for dei personane som blei evakuert gjentatte gongar. Vi kan dele meir av våre erfaringar med Veslemannen om dette er noko departementet ynskjer.

Konsekvensar for natur og miljø

Forslag til endring i TEK17 §§ 7-3 første ledd og 7-4 opnar for verksemder med ureiningsfare i område der risikoen potensielt overstig akseptabel skredrisiko etter TEK17 § 7-3. Endringa vektlegg persontryggleik og aksept for materielle øydeleggingar. Det er vidare argumentert for at bensinstasjonar og andre tilsvarande anlegg der ureiningsfaren er *avgrensa*, kan plasserast i område planlagt etter TEK17 § 7-4. Vi kan ikkje sjå at endringa sikrar at anlegg der ureiningsfaren *ikkje* er avgrensa er hindra utbygging i område planlagt etter TEK17 § 7-4. Til dømes kan ein etter endringa risikere store tankanlegg med tungolje, verksemder med farlege kjemikaliar, farleg avfall o.l. i område med høg skredrisiko (flodbølgjefare) so lenge området er planlagt etter TEK17 § 7-4. Vi meiner forslaget i liten grad tek inn over seg kva vi kan akseptere av ureiningsfare og konsekvensar for natur og miljø i område som planleggast etter TEK17 § 7-4.

Behov for auka kompetanse for å bruke eit meir fleksibelt regelverk

Forslaget gjev eit meir risikobasert og fleksibelt regelverk. Endringane medfører samtidig at kommunane får større ansvar for å vurdere og plassere bygg tilstrekkeleg trygt. Det krev kompetanse å gjere desse vurderingane, og kontrollere dei når vurderingane er gjort av tiltakshavar/konsulentar. Dette er spesielt utfordrande ved bygg som sjeldan vert bygd i kvar kommune, som til dømes tiltak i noverande TEK17 § 7-3 første ledd (storulukkeverksemder, regional eller nasjonal beredskapsinstitusjon, m.m.).

Det har generelt vore få nye etableringar av storulukkeverksemder i fylket. Kommunane har derfor i utgangspunktet liten erfaring med å vurdere risikoen knytt til slike verksemder. Med det «grøne skiftet» kan vi vente fleire og nye typar verksemder, inkludert storulukkeverksemder, som ynskjer å etablere seg i fylket og bringer med seg ny og «ukjent» risiko. Når kommunane skal vurdere trygg plassering av slike verksemder treng dei naudsynt kompetanse for å gjere risikobaserte vurderingar. Rettleiing og rettleiingsmaterieil retta mot kommunar vert viktig for å sikre naudsynte føresetnadar for rett plassering av storulukkeverksemder i ein tryggleiksklasse. DSB sin rettleiar om tryggleik rundt storulukkeverksemder bør derfor gje råd om korleis vurdere og plassere ulike typar storulukkeverksemder i rett tryggleiksklasse.

Sjølv om storulukkeforskriva skal vareta tryggleiken rundt storulukkeverksemder er det viktig at naudsynt tryggleik òg varetakast gjennom arealplanlegginga. Om ikkje, kan kommunen risikere å regulere til eit arealføremål som ikkje let seg gjennomføre. Dette får spesielt konsekvensar i planlegging etter TEK17 § 7-4, der all utbygging skal vere avklart i overordna plan. Vi føreset vidare at kjennskap til naturfare er inkludert i vurderinga etter storulukkeforskrifta. I teorien kan ein kommune etter forskriftsendringa plassere storulukkeverksemder i område med skredfare (flodbølgjefare) større enn 1/100 i område planlagt etter TEK17 § 7-4.

Byggverk i evakueringsområde

Det er ikkje avgrensingar knytt til plassering av byggverk som er avgjerande for nasjonal eller regional beredskap og krisehandtering i kjende evakueringsområde. Vi lurar på om departementet har vurdert i kva grad slike bygg kan plasserast i område som er planlagt evakuert i forkant av ei hending. I kva grad kan ein sei at beredskapen ikkje er svekka og at bygga er operative når dei i ein, eller fleire, periodar ikkje kan nyttast?

Kort høyringsfrist

Høyringa vart ikkje sendt til vårt postmottak. Dette gjorde at høyringa vart fanga opp tilfeldig 3. august kort tid før høyringsfristen 9. august. Sjølv med utsett høyringsfrist til 17. august har dette avgrensa vår moglegheit til å kome med ein meir heilskapleg og utdjupande fråsegn til dei føreslegne endringane i TEK17. Det er vidare uheldig med kort høyringsfrist i ein periode med mykje ferieavvikling.

Departementet er velkomen til å ta kontakt om det er noko i vår høyringsfråsegn de ynskjer vi skal utdupe eller forklare nærare.

Se vedlegg

- SFMR_Høyringsfråsegn til forslag om endringar i byggteknisk forskrift TEK17 §§ 7-3 og 7-4.pdf



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Renate Frøyen, 71 25 84 15

Høyringsfråsegn til forslag om endringar i byggteknisk forskrift TEK17 §§ 7-3 og 7-4

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er nøgd med at det er satt i gang eit arbeid for å vurdere krava TEK17 stiller til tryggleik mot skred og sekundærverknadar av skred. I Møre og Romsdal har TEK17 § 7-4 vore viktig for kommunane og lokalsamfunna langs Storfjorden. Samtidig er vi medvitne om at auka utbygging i kjende fareområde gjev ein auka samfunnsmessig risiko. Dette gjer at det framleis er behov for ein gjennomtenkt arealbruk og medviten utbygging i flodbølgjeutsette område. Det er viktig at vi har eit godt regelverk som legg til rette for dette.

Behov for ei grense for akseptabel skredrisiko med påfølgjande flodbølgje

Når regelverket opnar for å fråvike akseptabel skredrisiko i område med flodbølgje som skuldast fjellskred bør forskrifta ha ein absolutt grenseverdi for akseptabel skredrisiko, sjølv for overvaka fjellparti. Dersom ein avdekker eit fjellparti med skredrisiko og påfølgjande flodbølgje over t.d. 1/100, 1/50, eller 1/10, bør det då framleis vere opning for å planlegge utbygging i området etter TEK17 § 7-4 basert på overvaking? Statsforvaltaren i Møre og Romsdal ynskjer eit regelverk som set ei grense for akseptabel skredrisiko ved planlegging etter TEK17 § 7-4. Det bør ikkje vere opp til den enkelte kommune å gjere denne vurderinga.

Periodisk overvaka fjellparti

Dersom faglege mynde og nasjonale mynde meiner at periodisk overvaka fjellparti sikrar persontryggleiken tilsvarande som fjellparti under kontinuerleg overvaking ser vi ikkje grunnlag for at TEK17 § 7-4 ikkje kan nyttast i desse områda. Vi har derfor ikkje vesentlege merknadar til at TEK17 § 7-4 utvidast til å omfatte fjellparti under periodisk overvaking.

Potensielt meir planlegging etter unntaksvilkåret i TEK17 § 7-4

Det er fleire fjellparti i Noreg under periodisk overvaking enn fjellparti som er kontinuerleg overvaka. Avhengig av eventuelle framtidige endringar i TEK17 § 7-4 som er under utgreiing, kan dette føre til vesentleg auke i krevjande sakshandsaming etter TEK17 § 7-4. Inkludert kommunar som tidlegare ikkje har nytta TEK17 § 7-4. Det vert naudsynt med god rettleiingsmateriell til regelverket.

Vi vil spesielt løfte fram behov får klårare rettleiing til bokstav a) og c). Eventuelt at desse vert omfatta av revideringa slik at vilkåra vert meir eintydige. Til dømes ser vi at departementet i



høyringsnotatet har vist til at turistnæringa er avhengig av å plassere hotell og anna infrastruktur på attraktive plassar. I rettleiaren til TEK17 § 7-4 c) står det at det ikkje er fritt fram å nytte område i oppskyllingsområde sjølv om desse gjev inntrykk av å vere meir attraktive.

Konsekvensar av meir utbygging i kjende fareområde

Ein føresetnad for planlegging etter TEK17 § 7-4 er at liv og helse ikkje går tapt. Dette stiller ikkje berre høge krav til overvakingssystemet, men òg til beredskapsaktørane og beredskapsplanverka i dei flodbølgjeutsette områda. Meir utbygging i fareområde får konsekvensar for fleire enn kommunen som kan planlegge etter TEK17 § 7-4, og som avgjer arealbruken i fareområdet.

Det kjem lite fram av høyringsnotatet kva konsekvensar meir utbygging i fareområde får for beredskapsaktørar. Beredskapsplanar må lagast, samordnast, oppdaterast, vedlikehaldast, øvast, evaluerast, og på eit (eller fleire) tidspunkt; gjennomførast. Dette er eit kontinuerleg arbeid som krev tid og ressursar frå mange beredskapsaktørar. Desto fleire bygg, verksemder, institusjonar, infrastruktur og liknande som ligg i fareområdet, desto meir kompleks og krevjande blir beredskapsarbeidet for å sikre liv og helse i forkant av eit fjellskred. På eitt eller anna tidspunkt vil fjellskred gå. I forslaget til regelverksendringa er det ikkje teke omsyn til auka kostnader og ressursbruk for beredskapsaktørar ved å tillate meir utbygging i fareområde som krev gode beredskapsplanar for å sikre liv og helse.

I åra 2014-2019 var det fare for fjellskred frå Veslemannen. Over seks år vart fareområdet evakuert 16 gongar på til saman 83 dagar. Åtte beredskapsaktørar var involvert i handteringa. I 2018 gjorde vi eit forsøk på å stipulere beredskapsaktørane sine kostnader ved evakueringane det året. Rundt rekna kom kostandane på nesten fire millionar i 2018 (dette er ikkje inkludert kostnader for innbyggjarane som måtte evakuere, eller dåverande NSB og Green Cargo sine kostnader med stenging av Raumabanen). Dei største kostandane hadde NVE og Sivilforsvaret. Veslemannen var eit lite fjellskred med lite omfang og få bygg i evakueringsområdet, men skredet var likevel krevjande å handtere og kravde mykje tid og ressursar frå beredskapsaktørane. Det var òg krevjande for dei personane som blei evakuert gjentatte gongar. Vi kan dele meir av våre erfaringar med Veslemannen om dette er noko departementet ynskjer.

Konsekvensar for natur og miljø

Forslag til endring i TEK17 §§ 7-3 første ledd og 7-4 opnar for verksemder med ureiningsfare i område der risikoen potensielt overstig akseptabel skredrisiko etter TEK17 § 7-3. Endringa vektlegg persontryggleik og aksept for materielle øydeleggingar. Det er vidare argumentert for at bensinstasjonar og andre tilsvarande anlegg der ureiningsfaren er *avgrensa*, kan plasserast i område planlagt etter TEK17 § 7-4. Vi kan ikkje sjå at endringa sikrar at anlegg der ureiningsfaren *ikkje* er avgrensa er hindra utbygging i område planlagt etter TEK17 § 7-4. Til dømes kan ein etter endringa risikere store tankanlegg med tungolje, verksemder med farlege kjemikaliar, farleg avfall o.l. i område med høg skredrisiko (flodbølgjefare) so lenge området er planlagt etter TEK17 § 7-4. Vi meiner forslaget i liten grad tek inn over seg kva vi kan akseptere av ureiningsfare og konsekvensar for natur og miljø i område som planleggast etter TEK17 § 7-4.

Behov for auka kompetanse for å bruke eit meir fleksibelt regelverk

Forslaget gjev eit meir risikobasert og fleksibelt regelverk. Endringane medfører samtidig at kommunane får større ansvar for å vurdere og plassere bygg tilstrekkeleg trygt. Det krev kompetanse å gjere desse vurderingane, og kontrollere dei når vurderingane er gjort av tiltakshavar/konsulentar. Dette er spesielt utfordrande ved bygg som sjeldan vert bygd i kvar kommune, som til dømes tiltak i noverande TEK17 § 7-3 første ledd (storulukkeverksemder, regional eller nasjonal beredskapsinstitusjon, m.m.).



Det har generelt vore få nye etableringar av storulukkeverksemder i fylket. Kommunane har derfor i utgangspunktet liten erfaring med å vurdere risikoen knytt til slike verksemder. Med det «grøne skiftet» kan vi vente fleire og nye typar verksemder, inkludert storulukkeverksemder, som ynskjer å etablere seg i fylket og bringer med seg ny og «ukjent» risiko. Når kommunane skal vurdere trygg plassering av slike verksemder treng dei naudsynt kompetanse for å gjere risikobaserte vurderingar. Rettleiing og rettleiingsmateriell retta mot kommunar vert viktig for å sikre naudsynte føresetnadar for rett plassering av storulukkeverksemder i ein tryggleiksklasse. DSB sin rettleiar om tryggleik rundt storulukkeverksemder bør derfor gje råd om korleis vurdere og plassere ulike typar storulukkeverksemder i rett tryggleiksklasse.

Sjølv om storulukkeforskriva skal vareta tryggleiken rundt storulukkeverksemder er det viktig at naudsynt tryggleik òg varetakast gjennom arealplanlegginga. Om ikkje, kan kommunen risikere å regulere til eit arealføremål som ikkje let seg gjennomføre. Dette får spesielt konsekvensar i planlegging etter TEK17 § 7-4, der all utbygging skal vere avklart i overordna plan. Vi føreset vidare at kjennskap til naturfare er inkludert i vurderinga etter storulukkeforskrifta. I teorien kan ein kommune etter forskriftsendringa plassere storulukkeverksemder i område med skredfare (flodbølgjefare) større enn 1/100 i område planlagt etter TEK17 § 7-4.

Byggverk i evakueringsområde

Det er ikkje avgrensingar knytt til plassering av byggverk som er avgjerande for nasjonal eller regional beredskap og krisehandtering i kjende evakueringsområde. Vi lurar på om departementet har vurdert i kva grad slike bygg kan plasserast i område som er planlagt evakuert i forkant av ei hending. I kva grad kan ein sei at beredskapen ikkje er svekka og at bygga er operative når dei i ein, eller fleire, periodar ikkje kan nyttast?

Kort høyringsfrist

Høyringa vart ikkje sendt til vårt postmottak. Dette gjorde at høyringa vart fanga opp tilfeldig 3. august kort tid før høyringsfristen 9. august. Sjølv med utsett høyringsfrist til 17. august har dette avgrensa vår moglegheit til å kome med ein meir heilskapleg og utdjupande fråsegn til dei føreslegne endringane i TEK17. Det er vidare uheldig med kort høyringsfrist i ein periode med mykje ferieavvikling.

Departementet er velkomen til å ta kontakt om det er noko i vår høyringsfråsegn de ynskjer vi skal utdjupe eller forklare nærare.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass. statsforvaltar

Stine Sætre
fylkesberedskapssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent